
Vår referanse 2021/26705-2
Dato 23.07.2021

GISLE MJØS
HELLANDSVEGEN 80
5936 MANGER

Løyve - Søknad om utvida bruk av avkøyrslse - fv. 565 - gnr 466 bnr 9 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om utvida bruk av avkøyrslse datert 02.07.2021.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslse frå fylkesveg 565 Slettevegen til eigedom gnr. 466 bnr. 9 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan under. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslse*, som ligg ved.



2. Løyvet gjeld utvida bruk av avkøyrslse for ein fritidsbustad.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.

4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsløse*.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsløsen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsløse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 1500. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «streng» jf. *Rammeplan 2021-2024*.

Det vert søka om utvida bruk av avkøyrsløse i samband med søknad til Alver kommune om å bygge veg frå privatveg til fritidsbustad. Etter ei samla vurdering gjev vi løyve til utvida bruk av avkøyrsløse for ein fritidsbustad.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Har du spørsmål i saka kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på tlf. 45638702, eller på e-post lillian.bakke.byrknes@vlfk.no.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg


1 situasjonsplan_Slettevegen_92.JPG

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

Vedlegg: prinsippskisse


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktelengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fv: 565 Stad: Slettevegen gnr. 466 bnr. 9, Alver kommune Saksnr: 2021/26705